



# Sund Sokneblad

**Nr. 6**  
12. desember 2018  
Årg. 87

## Julemesse i kyrkjekjellaren



Laurdag 17. november var det tid for ei ny julemesse i Kyrkjekjellaren. Mange folk møtte fram og kjøpte av tinga som var til sals (biletet), eller kjøpte lodd og ikkje minst årar, og i kaféen kunne ein få både graut og kaffi og kaker.

side 10

## LysVaken

1. søndag i advent var det LysVaken-tilskiping i Sund kyrkje. Førte 11-åringar starta alt på laurdagen med diverse aktivitetar, overnatta i kyrkja og deltok i gudstenesta på søndagen.

side 8-9

## Bibelutdeling

Siste søndagen i oktober var det utdeling av ei bibelbok til 5.klassingar i kommunen. Boka inneheld eit utdrag av Bibelen.

side 5

## Babettes gjestebod

31. oktober besøkte Ragnhild Gudbrandsen Sund kyrkje med stykket Babettes gjestebod. Mange kom for å sjå stykket.

side 7

## Matias Orheim

Matias Orheim var tema for Bjørn Sæle då han besøkte føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i oktober. Vi fekk høyra om livet til den blinde diktaren og lekpredikanten.

side 13

## Kvar vart det av «herberget»?

Dette var temaet til Kjell-Asle Børnes då han var gjest på føremiddagstreffet i november. I bibelomsetjinga frå 2011 er det ikkje lenger snakk om «herberget» i juleevangeliet.

side 4

## Pastoralt perspektiv

### Jul i Skomakergata

Mange av oss hugsar med glede tilbake til adventsserien «Jul i Skomakergata». Det var noko spesielt med den! Den rørte ved oss på så mange måtar. Den var på ingen måte perfekt, og mange vil vel i dag karakterisera den som kjedeleg! Men nettopp slik utstråla den RO og hjalp oss til å senka skuldrene.

Dessutan viste Jens Petrus oss at det går an å feira ei god jul utan kjøpefest og stress.

Saman med Tøfflus fekk han oss til å fokusera på KVARANDRE i julestria, ja, ei appelsin med nellikspiker, litt kruspersille og ein kopp kaffi til dei som stakk innom skomakerhuset – viste oss at TID er noko av det viktigste vi kan gje kvarandre!

Åra har gått frå Skomakergata, og nye førjulsseriar råder grunnen med betre billedkvalitet. Men svært få av dei formidlar RO på same måte som Jens Petrus!

Med sin litt keitete veremåte og enkle livsstil skapte han rom for refleksjon og ettertanke både for store og små. Og dette er jo mangelvare i 2018! Den gode julestemninga kjem ikkje til oss gjennom stress og kjøpefest. Den kjem istaden gjennom TID, STILLHET og fokus på det ENKLE.

Og då er vi jo eigentleg framme ved barnet i krubba og den aller første juleatta!

«Så enkelt og stille kom Gud til vår jord, så høgt er eg elska av Jesus, min bror. Han kom frå Guds himmel, Gud sjølv var han lik, men Jesus vart fattig og eg er blitt rik» - slik syng vi i ein av våre julesalmar. Og plutseleg har vi heile juleevangeliet i ein sum!

Eg kan ikkje hugsa at Skomakergata og Jens Petrus var så direkte i sin bodskap.

Men denne adventsserien la allikevel svært gode rammer for juleevangeliet (utan at NRK kanskje var klar over det). For når adventspulsen går ned, går lytte-evna opp! Og når skuldrene senkar seg, stig konsentrasjonen om våre eigentlege og innerste behov!

Lat oss difor ta turen innom Skomakergata også i 2018! Då kan vi oppdaga at:

- Dei 4 adventslysa vi tenner – minner om at Jesus må få rom i vår julefeiring!
- Julestjerna vi heng opp – minner om at vi kan få setja vår lit til Jesus som Frelsar!
- Julegåvene vi gjev kvarandre – også er eit uttrykk for Guds gåve til oss!

Velsigna advent og julehelg!

Kjell-Asle Børnes

## Velkommen til gudsteneste

### 16. desember – 3. søndag i adventstida – Joh 5,31-36

KAUSLAND kyrkje kl 18:00 «Vi syng jula inn» v/Kjell-Asle Børnes. Song: *Prosjektkor, Stjernekor og Betweeneskor*. Takkoffer: Kyrkjemusikalsk arbeid

### 23. desember – 4. søndag i adventstida

INGA GUDSTENESTE!

### 24. desember – Julaften – Luk 2,1-20

KAUSLAND kyrkje kl 14:30 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Song: *Vivian Steinsland*. Musikk: *Aslaug Ottestad (kornett)*. Takkoffer: Kirkens nødhjelp

SUND kyrkje kl 16:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Song: *Stjernekor/Betweeneskor og Roy Vorland*. Takkoffer: Kirkens nødhjelp

### 25. desember – Juledag – Joh 1,1-14

SUND kyrkje kl 12:00 Høgtidsgudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Musikk: *Aslaug Ottestad (kornett)*. Takkoffer: NMS

### 26. desember – 2. juledag – Joh 1,1-14

KAUSLAND kyrkje kl 12:00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Musikk: *Aslaug Ottestad (kornett)*. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt (Liberia)

### 30. desember – Romjuls søndag

INGA GUDSTENESTE

### 01. januar – Nyttårsdag – Matt 18,19-20

SUND kyrkje kl 12:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt (Liberia)

### 06. januar – Kristi openberringsdag – Joh 12,42-47

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Normisjon

### 13. januar – 2. søndag i openberringstida – Joh 1,29-34

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet SØNDAGSSKULE!

### 20. januar – 3. søndag i openberringstida – Joh 1,15-18

SUND kyrkje kl 18:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og konfirmantane. Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 27. januar – 4. søndag i openberringstida – Luk 13,10-17

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

### 03. februar – 5. søndag i openberringstida – Joh 5,1-15

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp. *Utdeling av 4 års-boka*. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 10. februar – 6. søndag i openberringstida – Mark 13,21-27

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 *Bønevandringsgudsteneste* v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Gideon

**Kyrkjestyss - Indre Sund**

Kontaktperson: Arne Dævøy - tlf. 56 33 94 27



# Organisering og lokalisering av nytt fellestråd frå 01.12.19

Om 1 år er det nye fellestrådsområdet eit faktum. Namnet vert Øygarden kyrkjelege fellestråd. Prosjektleiari har no lagt fram si tilråding til kyrkjeleg fellestråd som har sendt tilrådinga på høyring hos sokneråda i Fjell, Foldnes, Landro, Sund og Øygarden.

## Medverknad om framtida

Utover i 2018 har tilsette i Fjell, Sund og Øygarden kyrkjelege fellestråd arbeidd med å finne gode ordningar for organisering og lokalisering for det nye fellestrådet si verksemd. Dei tilsette har jobba med framtida i arbeidsgrupper. Også prestane har vore involvert i dette arbeidet. Det er viktig med god involvering.

## Prosjektleiari si tilråding til fellestråden

I store trekk er prosjektleiari si tilråding bygt på arbeidsgruppene si tilråding. Prosjektleiari si tilråding er på 83 sider, og ein kan lesa alt på denne nettsida:

[www.kyrkja.no/nyeoygarden](http://www.kyrkja.no/nyeoygarden)

Kyrkjeleg fellestråd vedtok i møte 24.10. å sende tilrådinga på uttale hos sokneråda. Fristen for å gi uttale er 22.11. og ein tek sikte på å gjere eit endeleg vedtak i fellestråden 4.12.2018.

Tilrådinga inneheld mange detaljar som omhandlar tilhøvet for dei tilsette, reglar og vedtekter og ei rekke formalia som ein må gjere vedtak om.

## Hovudtrekka om organisering

Det er viktig å ta godt vare på alt det gode arbeidet som skjer ute i sokna. Det er òg viktig å presisere at sokna består. Det er fellestrådsområda som vert slått saman som følgje av kommunesamanslåinga.

Arbeidet vert organisert i seksjonar og team. Det er tilrådd å etablere 5 seksjonar: *kyrkjer og gravplassar, kyrkjemusikk, diakoni, born og unge og administrasjon*. Seksjonane skal ha ein seksjonsleiari (for kvar seksjon). Leiaren skal m.a. ha eit fagleg ansvar og ansvar for at arbeidet skjer i samsvar med planar og budsjett for arbeidet.

Det er tilrådd ei ordning med team som kan arbeide på tvers av seksjonane sine fagområde. Teamar er retta mot oppgåvene og tenesta som skal gjerast. I ei

gudsteneste t.d. så har dei tilsette ulike roller, men utgjer eit team. Slik er det også i barne- og ungdomsarbeidet (også konfirmantarbeidet). Ordninga med team kan vere krevjande organisatorisk, og det må arbeidast vidare med dette utover i 2019, når ein eventuelt har fått godkjent ordninga med seksjonar.

## Diakoni

Slik det er i dag er det for få medarbeidarar som arbeider direkte med diakoni. Dette skuldast ikkje minst økonomiske rammer. Behovet er stort, men å få tilsett fleire innanfor dagens rammer er vanskeleg. Dette er eit tema som må følgjast opp framover.

## Frivillige

Det er mange frivillige i kyrkjelydane i Fjell, Sund og Øygarden. Dei frivillige utgjer ein svært viktig ressurs. Tilrådinga peikar på at det er heilt naudsynt med frivillige i framtida, og at ein må auke talet på frivillige og engasjerte menneske i kyrkjelyden sitt arbeid.

## Hovudtrekka om lokalisering

Prosjektleiari rår til at kyrkjekontora i Øygarden og Sund vert avvikla slik me kjenner dei i dag. Med omsyn til besøkstallet er det ikkje grunnlag for å oppretthalde kontora. Det meste av kommunikasjon skjer på telefon og e-post. Administrative funksjonar er tilrådd lagt til Straume. Det er tilrådd at det vert ein base i Sund og ein base i Øygarden. Her vil det vere kontor for prest, kyrkjelydspedagog, kantor og kyrkjetenarar. I Sund vert denne basen lagt til Sund kyrkje, der ein har kontor i dag. Når det gjeld Øygarden så må det avklarast lokale med den nye kommunen.

Kyrkjekontoret på Straume vert base for arbeidet i Fjell, Foldnes og Landro sokn. Her vil også kyrkjeværje og administrative funksjonar ha tilhald.

Olav Martin Vik

## Dato for frivilligefest

Det blir frivilligefest i kyrkjekjellaren, Sund kyrkje, onsdag 6. mars 2019 kl. 18.00.

Sett av datoen.

Invitasjon kjem på nyåret.



## Betweenes-klubb

Frå 4. klasse og oppover

I Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje frå klokka 17.30 til 19.30


Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer frå Bibelen, éit kvelds saman.

### Vi møtest:

22. januar  
19. februar  
19. mars  
23. april  
21. mai

Du og venene dine er velkommen til å bli med!

# Kvar vart det av «herberget» i juleevangeliet?



- Kvar vart det av «herberget»? Det var spørsmålet som Kjell-Asle Børnes hadde sett som tittel på innlegget sitt på føremiddagstreffet i kyrkjelydshuset på Kausland siste onsdagen i november.

Det er i juleevangeliet vi har vore vane med å høyra at det ikkje var plass til Josef og Maria i herberget, og at Jesus difor vart fødd i ein stall. Men i omsetjinga som kom i 2011, heiter det at «det var ikkje *husrom* for dei». Kvifor forsvann så *herberget*?

Alt i 1584 meinte Francisco Sanches at Jesus var fødd i heimen til nokre slektningar i Betlehem. For desse tankane vart han stilt for inkvisisjonen. Men i omsetjinga frå 2011 kan vi seia at han fekk gjennomslag for tankane sine. I juleevangeliet får vi vita at Jesus vart lagt i ei krybbe, men det står ingenting om at det var i ein stall. Den ortodokse tolkinga går ut på at han vart fødd i ei grotte ved vegen.

Vi har gjerne ikkje hald i Bibelen om alle bileta vi har av juleevangeliet, at idet Maria kom til Betlehem, så var fødselen i gong. Det var gjerne ikkje så dramatisk. Dei har kanskje vore i Betlehem ei stund før fødselen fann stad.

Kenneth Bailey, amerikansk forfattar og professor i teologi, fortel at husa i midtausten gjerne var slik at dyra heldt til i den eine enden og folka i den andre. Ein hadde gjerne ledige rom til moglege gjestar, men då Josef og Maria kom til Betlehem, var det trongt om plassen. Så det er godt mogleg at dei måtte ta til takke med fellesrommet der og dyra heldt til, og der det var plassert krubber.

Så kanskje treng det ikkje å bety så mykje at *herberget* er borte frå juleevangeliet, meinte Kjell-Asle Børnes, for også i dag dreier det seg om *husrom* og hjarterom. Han meinte at det kan bli ei gledeleg jul også utan «herberget».

Olai Otterå



*OVER: Kjell-Asle Børnes snakka om kvar det hadde blitt av «herberget» som vi tidlegare høyrdde om i juleevangeliet. TIL VENSTRE: Føremiddagstreffa startar med ein felles lunsj. UNDER: Nokre av dei som var på føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus.*







Ein del av 5.klassingane i Sund hadde møtt opp i Kausland kyrkje for å få utdelt ei bibelbok.

## Bibelutdeling til 5.klassingar

Ein del av 5.klassingane i Sund hadde funne vegen til Kausland kyrkje då det skulle vera utdeling av ei bibelbok med utdrag frå Bibelen til denne aldersgruppa. Dette er ein del av opplegget til kyrkja for arbeid mellom dei unge frå 0-18 år.

Det var Hildegunn B. Myklebust som stod for utdelinga. Ho fortalde litt om boka før kvar av dei framkomne elevane fekk utdelt kvar si bok der dei stod oppstilt framme i kyrkja. Etterpå kunne dei strekkja bøkene i vêret.

Elles var dette ei gudsteneste der også Betweeneskoret var til stades og song både for 5.klassingane og resten av kyrkjelyden.

*Olai Otterå*



*Betweeneskoret.*

# Den heilage natta

Den natta Jesus vart fødd, vert ofte kalla: *DEN HEILAGE NATTA*.

Og i den heilage natta var det mange som var ute og gjekk, men ingen av dei vart rekna som spesielt heilage. Snarare tvert imot!

GJETARANE var oftast folk med låg status. Dei fekk vanlegvis ikkje vitne i rettssaker, og dei hadde vel ofte eit noko tvisamt rulleblad.

VISMENNENE dreiv med stjernetyding, noko som var forbode etter den jødiske lova. For folk kunne jo bli freista til å dyrka stjernene og månen - i staden for å tilbe Gud.

Nei, dei som var ute og gjekk i den heilage natta, var nok ikkje rekna for spesielt heilage.

Men så var det nettopp gjetarane og vismennene som vart leidde til barnet i krubba!

Gud viste seg først for dei som ikkje vart rekna med i det gode selskap...

Mykje vart såleis snudd på hovudet i den heilage natta: Gud vart menneske, og skifta adresse, frå himmel til jord, frå gullgater til halm og strå og støvete landevegar, frå ånd til kjøt og blod.

Menneske som var utanfor det gode selskap, hamna med eitt i selskap med den gode Gud! Slik var den heilage natta full av LIV, LYS og HÅP!

Barnet i krubba vitna om at himmelbrua var eit faktum, ja, at vegen til himmelen på nytt var open. Ei NY FORTID og ei EVIG FRAMTID vart bydd fram til både heilage og mindre heilage. Ja, englane song om at FRED MED GUD plutselig var mogleg å få, som ei gåve frå himmelen. M.a.o: Den heilage natta var full av NÅDE!

Slik tok Jesu liv til her på jorda i den heilage natta. Slik heldt det fram, og slik er det framleis!

Framleis er det LIV, LYS, HÅP

og NÅDE å finna, både i den heilage natta, og resten av året! Gud har ikkje forlate oss, han kjem til oss og gjer seg grenselaust tilgjengeleg for oss, på tross av vår mangel på heilagdom!

Han vart lagt mellom halm og strå, den heilage natta. Og han er framleis ikkje redd for å bli skitten på hendene. Jesus Kristus kjem til oss som BERGINGSMANN! Og han leitar etter oss der vi er, slik vi er!

Lar DU deg finna?

Også i dag kan ufullkomne menneske som oss, hamna i selskap med den gode Gud! Også i dag vert ei NY FORTID og ei EVIG FRAMTID bydd fram!

Slår DU følgje med gjetarar og vise menn ut i den heilage natta og inn til barnet i krubba?

«Og finner du ham i krybbens hø, som hyrder så, som hyrder så, da eier du nok til freidig å dø og leve på, og leve på.» (Norsk salmebok 59 v.4)

GOD, HEILAG JUL!

*Kjell-Asle Børnes*

## Tuleandakten

Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40  
Kirkens SOS teksttelefon for døde, tlf. 55 32 56 97

Sotra Omegn  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 4, 5353 Straume  
( samme hus som Ligningskontoret )



Bergen Omegn  
BEGRAVELSESHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



GRAVMINNER

Løvaas  
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
www.lovaasnaturstein.no



# Babettes gjestebod i Sund kyrkje

31. oktober kom «Babettes gjestebod» til Sund kyrkje, og mange hadde kome til kyrkja for å sjå Ragnhild Gudbrandsen si framstilling av dette stykket. Stykket er skriven av Karen Blixen, men omsett til nynorsk av Ragnhild Gudbrandsen.

Ein liten scene var laga til framme i kyrkja med eit par stolar rundt. Her føregjekk heile stykket, og skodespelaren tolka dei ulike rollene som er med i stykket.

Handlinga føregår i Berlevåg der prostidøtrene Martine og Philippa er leiande i ein pietistisk kyrkjelyd. Men kyrkjelyden har mista mykje av krafta den ein gong hadde og er prega av alderdom og inngrodde konfliktrar. Hit kjem den franske kvinna Babette som flyktning og får arbeid som tenestejente hos søstrene. Ho blir der i 14 år. Så vinn ho mange pengar i eit stort lotteri og inviterer kyrkjelyden i Berlevåg på eit stort fransk måltid som overgår all fantasi, og som forløyser både innestengde kjensler, gamle motsetnader og djup livsglede.

Ragnhild Gudbrandsen greier på ein fin og beherska måte å skilje dei ulike karakterane i stykket frå kvarandre. Stykket varte i omlag 1 time og 10 minutt, og det verka som publikum var oppslukt av det den eine skodespelaren fekk fram gjennom tale og mimikk. Etter stykket var det ståande applaus.

Olai Otterå



Ragnhild Gudbrandsen var heilt åleine på den vesle scenen i Sund kyrkje.





*Nokre glimt frå ting som skjedde på laurdagen i årets LysVaken i Sund kyrkje.*

FOTO: IVAR NAUSTHELLER



# LysVaken i Sund kyrkje

Frå laurdag 1. til søndag 2. desember var 40 livlege og flotte 11-åringar samla i Sund kyrkje til årets Lys Vaken.

Lys Vaken er eit nasjonalt trusopplæringstiltak for alle 11-åringane i soknet som vil vere med og dreier seg om å overnatte i kyrkja natt til første søndag i advent.

Gjennom bibelforteljing og «stasjonsvandring», førebuing av gudsteneste og lystenning er tema for Lys Vaken nettopp «Lys» og det å vere vakne: Gud søv aldri, men er alltid vaken og passar på oss. Så kan vi som fellesskap også prøve å vere vakne overfor kvarandre – sjå, ta vare på og inkludere kvarandre. Dette vil Jesus hjelpe oss med, han som Bibelen kallar «Det sanne lyset».

Det var ein glad og positiv gjeng vi fekk bli kjent med desse dagane, og gjennom måltidsfellesskap, leikar, spel og aktivitetar som både var spennande og stemningsfulle, hadde vi det super-gøy saman! På sundagen var tweensa med og laga til gudsteneste, med sang, lesing av bønner og bibeltekstar, praktiske oppgaver og utstilling av kunst og teikningar.

Forteljinga vi fekk høyre frå Bibelen, handla om tweens-guten Samuel som overnatta i si kyrkje for lenge, lenge sidan. Samuel fekk oppleve at Gud såg han og tala til han. Og at Gud var interessert i å ha han med på laget sitt!

Under leiing av Lys Vaken-general Brynhild Enerhaug blei dette ei fin oppleving for både deltakarar og leiarar! Og det var tydeleg at tweensa fekk oppleve at dei har ein plass i kyrkja vår.

Dag Reidmar Pettersen  
Kyrkjelydspeagog



Sigrid tømmer i vatnet til dåpen.



Dei 40 LysVaken-deltakarane på veg inn i kyrkja.



Vilde tente det første adventslyset.



Teksten for dagen vart lesen av Elina Johanne, Simone, Vilde og Johanna.

ALLE FOTO PÅ  
DENNE SIDA:  
OLAI OTTERÅ



Nesten halvparten av dei 40 deltakarane danna eit forsongarkor som hjalp godt på songen.



# Julemessa

Soknerådet og julemessekomiteen vil takke for velvilje og støtte i samband med arrangementet:

Vi takkar for gevinstar, loddkjøp, fram møte og arbeidsinnsats som gjorde at vi kan notere eit overskot på vel 78000 kr!

Kyrkjekjellaren var stappfull, og det var så stor rift om årane at vi gjekk tom før alle hadde fått. No har vi sett i gang ein prosess for å få laga nye til neste gang.

Staben er i gang for å få inn anbod på kombinert tale og sanganlegg til Sund kyrkje.

Taleanlegget frå 1997 er i ferd med å bli avlegs, og når vi no skal få sanganlegg, viser det seg at vi kan få eit kombinert anlegg som er mykje betre også for tale.

Vi har ikkje nok pengar enno, men arbeider med å få dekkja det resterande. Vi gler oss til å få det på plass!

Brynhild Enerhaug



Nokon kunne gleda seg over ei stor frukt-korg etter julemessa i Kyrkjekjellaren.



I periodar var det fullt i kaféen av folk som skulle ha ein tallerken med graut eller kaffi og kaker. (Alle foto: Olai Otterå)



UNDER: Ivar Naustheller viser fram ein nøkkelring der det meste er laga av tau. Han hadde med seg mange store og små tau-produkt som han lagar i ledige stunder på fritida.

Fin song frå Stjerneketet.



Torbjørn Bakke styrte med tombolaen.







## Tende 30 lys for dei døde

Gudstenesta på Allehelgensdagen 4. november i Sund kyrkje var ei spesiell gudsteneste for dei som har mista nokon av sine kjære det siste året. For dette var dagen då dei vart minna i kyrkja på ein særskilt måte, og mange av dei pårørande hadde møtt fram i kyrkja.

Kjell-Asle Børnes las opp namna til alle dei 30 som hadde gått bort sidan førre Allehelgensdag. På eit lite bord framfor altaret var det stillt opp 30 te-lys, og Hildegunn B. Myklebust tende i eit og eit lys etter kvart som presten las opp namna. Då alle namna var lesne og alle lysa tende, mintest ein dei døde i det stille.

*Olai Otterå*

*Hildegunn Børnes Myklebust tende dei tretti lysa etter kvart som Kjell-Asle Børnes las opp namna på dei som hadde gått bort sidan førre Allehelgenssøndag.*

## DÅPEN – Gåve og oppgåve

### Velkommen til dåp!

Til alle tider har Kyrkja sagt: Velkommen til dåp! Og tidlegare har stat og samfunn sendt melding om fødsler til det kyrkjesamfunnet som ein eller begge av foreldra høyrer til. Slik har lokalkyrkjelyden fått muligheten til å senda ut invitasjon til dåp og formidla informasjon om dåp. Men slik er det dessverre ikkje lenger. Kyrkjelyden får ikkje lenger denne informasjonen frå stat og samfunn. Men framleis seier Kyrkja: Velkommen til dåp! Ta kontakt med oss på ditt lokale kyrkje-kontor og be om dåp! Det er ei stor glede for oss å få leggja til rette for deg/dykk!

### Gåve

#### Kvifor døyper vi?

Først og fremst døyper vi fordi Jesus har bedt oss om å gjera det! (Matt 28,18-20) Han innbyr oss alle til fellesskap med Gud, og opnar Guds rike for oss.

Inngangsporten til Guds rike er *dåpen!* (Joh 3,5) Gjennom denne heilage handlinga (sakrament=heilag handling) tar Gud imot oss, reinsar oss og lukkar oss inn i sitt rike.

Bibelen kallar dette for *frelse*, ja, ein *ny* fødsel! Og frelsa blir gitt oss som ei *gåve*, gratis og ufortent! Dermed kan vi ta imot den – uavhengig av alder eller prestasjonsevner. Ja, Jesus løftar faktisk fram *barna* som *forbilde* for oss vaksne! Eit barn er avhengig av å *få*, og tar imot gåva som *gåve!* Og berre slik kan vi menneske koma inn i Guds rike/bli frelst, seier Bibelen. Å prøva å bli god nok først, eller tru sterkt nok først er å snu tinga på hodet!

#### Kva så med dei som ikkje rakk å bli døypte?

Gud har vist oss dåpen som inngangs-porten til sitt rike og slik bunde oss til den. Difor

skal vi ta dåpsbefalinga frå Jesus på alvor og ikkje leggja noko til hinder for dåpen! Men heldigvis har ikkje Gud bunde seg sjølv til dåpen. Han kan sjølv sagt i sin grenselause nåde og kjærleik finna *andre* vegar inn i himmelriket for den som ikkje rakk å bli døypt!

Så lat oss med stort frimod ta imot innbydinga til Guds rike, og gå inn gjennom den døra som Gud peikar ut for oss, altså dåpen! Denne gåve skal vi kvar dag få venda tilbake til og takka for. For dåpen er nemleg ikkje ei sovepute, men ei *vekkerklokke* som skal minna oss om at vi høyrer Jesus til og kvar dag skal få leva som eit Guds barn!

#### Oppgåve

Og dermed innebærer dåpen også ei oppgåve! For kva hjelper det at Gud har gitt oss frelse dersom vi ikkje får vita om det? Difor er dåp og dåpsopplæring/trus-opplæring to sider

av same sak. Kvar dag skal vi få takka ja til Guds frelse gitt oss i dåpen. Det kallar Bibelen for å tru! Trua er ikkje å sjå på oss sjølv, men å sjå på Jesus og vita at alt det han har gjort for oss har Gud gitt oss i dåpsgåve!

Og denne kjempegode nyheten må vi sørja for at alle døypte får vita om og leggja til grunn for både livet og evigheten. Difor skal vi få gje vidare det vi ein gong fekk vita av våre foreldre/føresette og vår kyrkjelyd - gjennom kveldsbøn, bordbøn, bibelforteljingar, songar, søndagsskule, kor, klubb, undervisning, gudstenester, osv... Slik kan dåpen få skapa meining og identitet for stadig nye generasjonar. Og framfor alt gir den oss eit levande håp som heller ikkje døden kan ta ifrå oss!

*Kjell-Asle Børnes*

## Onsdagstreffa

Det blir onsdagstreff også i vårsemesteret. Det held til på *Aktivitetssenteret* i Skogsskiftet og tek til kl. **11.00**. Her blir det både god mat og underholdning.

### Datoar:

Onsdag 2. jan.	Onsdag 3. april
Onsdag 6. feb.	Onsdag 8. mai
Onsdag 6. mars	Onsdag 5. juni

## Søndagsskule

Vi møtest i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje klokka 11.15 til ca. 12.00 (gudstenesta byrjar kl. 11.00)

### Datoar:

13. januar  
17. mars  
19. mai  
02. juni

Barn i alle aldrar er velkomne!

## Føremiddagstreffa

Serien med føremiddagstreff i vekselvis *Kyrkjekjellaren* i Klokkarvik og *Kyrkje-lydshuset på Kausland* held fram utover våren, den siste ondagen i månaden og tek til kl. 11.30. På føremiddagstreffa har ein alltid ein felles lunsj før ein slepp til ein invitert gjest som snakkar om eit eller anna tema. Førebels er ikkje gjestane og temaa for heile vårsemesteret klart, men datoane er klare.

**30.01 Kyrkjekjellaren kl 11.30**

Gjest og tema ikkje klart

**27.02 Kausland kl. 11.30**

Gjest: Kjell-Asle Børnes

Tema: *Velsigninga - til velsigning*

**27.03 Kyrkjekjellaren kl. 11.30**

Gjest og tema ikkje klart

**24.04 Kausland kl. 11.30**

Gjest: Solfrid Nikolaisen

Tema: *Arbeidet på fiskarheimen på Røst*

**29.05 Kyrkjekjellaren kl. 11.30**

Gjest og tema ikkje klart

# DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



**SUND APOTEK**  
Tlf. 56 33 88 80

**SUND SOLSTUDIO**



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080




Tlf. 56 31 77 34



Tlf. 56 33 70 70

**BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER  
FARGEHANDEL - FRISØR - BOKHANDEL - APOTEK  
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO**



Via **INTERFLORA**  
formidlar vi blomstrar  
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt  
i binderi til fødsel, dåp,  
konfirmasjon, bryllaup,  
gebursdagar og gravferder -  
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader  
i Fjell og Sund.

### Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

**Tlf.: 56 33 90 13**

Faks: 56 33 93 01



## Bjørn Sæle om Matias Orheim

- Det eg sjølv hugsar best av Matias Orheim var då han spelte på glasa sine, fortalde Bjørn Sæle då han på kort varsel vitja føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i oktober. Som ung var han på eit møte som Orheim hadde og mintest dei 20 glasa han hadde ståande på eit bord og spelte på.

Predikanten og salmediktaren Matias Orheim reiste rundt i nesten heile landet og heldt møte. Ein reknar med at han heldt omlag 400 møte om året, og då han døydde i 1958, 74 år gammal, reknar ein med at han var oppe i til saman 35.000 møte.

Men det var ikkje sjølv sagt at han skulle bli ein kristen. Den pietistiske kristendomen baud han imot. Men ei pinsehøg i 1900 gjekk han på eit møte der m.a. Ludvig Hope var, og då blei han ein kristen. Dagen etter gjekk han ut i smia og skreiv «Eg fann min Gud i ungdoms år». Han var då berre 16 år gammal.

Berre nokre år seinare byrja han å mista synet grunna ein augesjukdom, og han vart etter kvart blind. Likevel reiste han for Det vestlandske indremisjonsforbund i 55 år. Det var naturleg at han trong hjelp til å reisa så mykje som han gjorde. Kona, som han gifta seg med som 21-åring, hjelpte han mykje.

Matias Orheim hadde nok ein klisterhjerne. Bjørn Sæle fortalde at Orheim kom frå same bygda som Einar Lotsberg, og ein gong hadde Lotsberg fortalt Orheim korleis rutetabellen såg ut til ulike stader. Dagen etter kom Orheim med 20 innbydingar som han hadde skrivne ut frå det han hugsar om rutetabellen.

Matias Orheim er ikkje minst kjent for alle dei omlag 1000 songane han har skrivne. Songane er lette å forstå, og mange av dei ber preg av at dei har kome til i ei vekkingstid. Songane er skrivne på nynorsk, og såleis var Orheim ein føregangsmann når det gjeld nynorsk i kristne samanhengar, sjølv om det var mykje motstand mot nynorsk, fortalde Bjørn Sæle på føremiddagstreffet.

*Olai Otterå*

## Skulegudstenester

### Torsdag 20.12


09.00 Sund kyrkje: Skogsvåg skule

10.30 Sund kyrkje: Stranda skule

### Fredag 21.12

09.00 Sund kyrkje: Ungdomsskulen

10.30 Kausland kyrkje: Glesvær skule og Telavåg skule



*På kort varsel stilte Bjørn Sæle frå Øygarden opp på føremiddagstreffet og fortalde om salmediktaren og lekpredikanten Matias Orheim.*



*Som vanleg på føremiddagstreffa var det samling rundt bordet til ein felles lunsj.*

## Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

### Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

### Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
MELDING



**SOS**  
CHAT

**KIRKENS**  
**SOS**

## Vil du vere med?

**Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?**

**Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?**

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

klokkaroppgåver,  
kyrkjevertoppgåver eller  
kaffivertoppgåver.

**Vi vil gjerne ha deg med!**

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil  
**477 07 698** eller på e-post:  
[hildegunn.bornes@sund.kommune.no](mailto:hildegunn.bornes@sund.kommune.no)

## PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag  
kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte Sund kyrkje-  
kontor: **56 31 90 80**

## Nettside

### Den norske kyrkja i Sund

Me har bygd opp ei nettside for kyrkje-lydane i Sund. Kyrkjeverja har det redaksjonelle ansvaret. På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein kalender som viser aktivitetar.

[www.kyrkja.no/sund](http://www.kyrkja.no/sund)

## GRAVMONUMENTER

Egil Fosse  
Kvile 17A  
5379 Steinsland  
Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR




**KJØL STENINDUSTRI AS**

6490 EIDE



**Sund  
Bok**



SUND SENTER, 5382 SKOGSVÅG  
TLF 56 31 77 34 - FAKS 56 33 95 87

## Din lokale bokhandel

- Nær og nyttig -

**Velkommen du òg!**



**Døypte****21.10 Kausland kyrkje**

Henrik Telle Eide  
Sverre Villanger Tvedt

**28.10 Kausland kyrkje**

Magnus Stensli Lokøy  
Oda Telle-Lokøy  
Didrik Stensrud

**25.11 Sund kyrkje**

Peder Tellnes Forland

**02.12 Sund kyrkje**

Jakob Kalve-Høyland

**Gravlagde****14.09 Kausland kyrkje**

Agnes Karia Hammersland,  
f. 1926

**13.11 Kausland kyrkje**

Alf Konrad Hamre, f. 1930

**24.10 Sund kyrkje**

Vilhelm Bernhard Førde,  
f. 1922

**15.11 Sund kyrkje**

Magne Tyssøy, f. 1927  
(bisetjing)

**Takk**

**TAKK** for all omsorg og blomehelsingar ved vår kjære **Wilhelm Førde** sin bortgang. Takk til alle som var med oss i gravferda, og for pengegåvene til Sundheimen.

*Eva Karin, Bjarne Magne,  
Øyvind, Audun og Reidar med  
familjar*

Planen for utgjevingane av Sund Sokneblad i 2019 ser slik ut:

- Nr. 1 - 13. februar  
Nr. 2 - 10. april  
Nr. 3 - 5. juni  
Nr. 4 - 4. september  
Nr. 5 - 30. oktober  
Nr. 6 - 11. desember

**Soknebladet 2019****Samtale og sjelesorg**

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

**Ynskje om dåp**

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Øg unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

**Solstrands**  
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE**  
GRAVFERD



DEN NORSKE KYRKJA

**Kyrkjekontoret i Sund**

Kontor og sentralbord ope:

Tysdag og fredag ..... kl. 09.00 - 14.00

Onsdag ..... kl. 11.00 - 14.00

**Telefon sentralbord:**

**56 31 90 80**

E-post: kyrkjekontoret@sund.kommune.no

Nettside: www.kyrkja.no/sund

Besøksadresse: Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje  
Kyrkjevegen 30, 5378 Klokkarvik

Postadresse: Sund Sokneråd  
Kyrkjevegen 30  
5378 Klokkarvik

**Administrasjon**

Olav Martin Vik ..... 93 26 44 00  
*kyrkjevevjerje*

E-post: *ov769@kyrkja.no*

Tove Olene Foss Solvang ..... 56 31 90 80  
*kontorleiar*

E-post: *tove.solvang@sund.kommune.no*

**Soknepresten**

Kjell-Asle Børnes ..... 48 00 26 97  
*sokneprest*

E-post: *kjell.asle.bornes@sund.kommune.no*

**Stab**

Irina Tarasova ..... 47 45 06 06  
*kantor*

E-post: *irina\_piano\_84@mail.ru*

*irina.piano.84@gmail.com*

Hildegunn Børnes Myklebust ..... 47 70 76 98  
*diakonimedarbeidar*

E-post: *hildegunn.bornes@sund.kommune.no*

Dag Reidmar Pettersen ..... 47 70 79 52  
*trusoplærer*

E-post: *dag.pettersen@sund.kommune.no*

Gunnar Langeland ..... 47 71 66 93  
*kyrkjegardsarbeidar*

Rolf Oksnes ..... 90 36 75 47  
*kyrkjegardsarbeidar*

E-post: *rolfoksnes@hotmail.com*

**Sokneråd/fellesråd**

Brynhild Enerhaug ..... 90 08 00 96  
*soknerådsleiar*

E-post: *brynhild.enerhaug@bkkfiber.no*

**Sund**  
**Sokneblad**

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Kyrkjevegen 30,  
5378 Klokkarvik

Konto: 3000.15.98194

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå ..... 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:

Bodoni AS, Straume

Opplag: 2.950





## Full festival med kropp og soul

Morgonscene ved Oslo Spektrum: Ei lang rekkje barn går syngande på fortauet mot inngangen til storstua i hovudstaden. Det er Soul Children-festival i byen, og det merkast.

For tredje gong fyller den kristne korbevegelsen konsertarenaen. 2.200 danse- og sangglade barn og unge er både publikum og fyller scena. Apparaten rundt er stort og aktivt.

Backstage har miljøteamet morgonsamling. Etter ei kort arbeidsskildring, får Gud takk og æra, og det vert bede ei bøn om velsigning over dagens dont.

### – Enorm vekst

Sjefen, Soul Children-grunnlegg Ragnhild Hiis Ånestad, har ikkje sove den siste natta. Det er for mykje å halda styr på i hovudet hennar.

– Vi har enorm vekst, ikkje berre i Noreg, men òg internasjonalt, og det er spennande, fortel ho over take away-kaffien.

«Dronninga sjølv» vende nyleg heim frå eit opphald i Stockholm. I Sverige er det oppretta 45 Soul Children-kor på tre år. Det er berre éin indikator på kor stort arbeidet er vorte.

– Vi har kvar veke førespurnader frå heile verda, heilt bokstaveleg, seier ho og

listar i farten opp Japan, Kenya, Nigeria, Chile, Indonesia og Sør-Afrika.

– Eg trur vi er alle stadar sett bort frå i New Zealand og på månen.

### Verdsvidt

– Denne musikken vert no brukt over heile verda, men den stilen vi har her i Skandinavia er heilt ulikt frå den dei har i Los Angeles eller Nairobi. Soul Children-songane er dei same, men uttrykket er heilt ulikt, seier Ånestad til KPK.

Sjølv i sambaens Sør-Amerika er Soul Children vorte eit fenomen.

– Dei brukar materiellet vårt, men får inn sine eigne rytmar. Dei syng delvis dei same songane som oss, men det vert òg skrive eigne singlar i dei ulike landa. Og når dei syng songane våre, lyder det heilt annleis enn når vi syng dei. Likevel har vi alle noko felles, seier ho.

Ho meiner stilskilnadene er rikgerande. Samstundes bind det rørsla saman at dei same songane vert sunge på mange stader, uansett kor ulike uttrykk er.

– Då får alle ei oppleving av at vi er med på noko stort, seier ho.

*Stein Gudvangen, KPK*

## Myldredagar

*Middag  
bibelforteljing  
aktivitet  
song*

### Kyrkjekjellaren

i Sund kyrkje  
kl 17.00-19.00

8. januar

5. februar

5. mars

2. april

7. mai

### Kyrkjelydshuset

på Kausland  
kl 17.00-19.00

13. februar

27. mars

24. april

22. mai

Alle generasjonar  
er velkomne!

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i veke 7

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 30. januar